

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

4. søndag i treeningstida – 7. juli 2019

Preiketekst: Matt 9,35-38

Lesetekst I: Salme 22,8-12

Lesetekst II: 1 Tess 2,5-13

Stor grøde – få arbeidsfolk

”Apostlane og oppgåva deira” er overskrifta over avsnittet 9,35-10,42 i evangeliet etter Matteus. Vår tekst er starten på dette avsnittet.

Oppdragsgjevaren

I kapitla før preiketeksten får vi høyra om Jesu verksemd, han talar og han gjer mange under. Han forkynner: *”Vend om, for himmelriket er kome nær!”* (4,17) Han talar til store folkemengder og han talar til dei han spesielt har valt seg læresveinar. Han tek opp mange tema og gir mange gode råd. *”Slik skal de be:”*(6,9) seier han og så lærer han dei Herrens bøn. *”Be, så skal de få. Leit, så skal de finne. Bank på, så skal de latast opp for dykk.”*(7,7) seier han vidare. *”Døm ikkje, så de ikkje sjølv skal bli dømde!”* (7,1) *”Alt de vil at andre skal gjera mot dykk, skal de og gjera mot dei,”* seier han (7,12) Han minner om den smale vegen og den tronge porten som fører til livet, før han seier: *”Ta dykk i vare for dei falske profetane.”* (7,15)

I det same avsnittet fortel Matteus om det eine underet etter det andre: spedalske vert reine, sjuke vert lækte, lamme vert gåande, vonde ånder vert drivne ut, døde vert levande, blinde vert sjåande og stumme byrjar å tala. I tillegg stiller Jesu stormen og kallar tollaren Matteus til følgja seg i det han seier: *”Eg er ikkje komen for å kalla rettferdige, men syndarar.”*(9,13)

Vi legg merke til at Jesus ser den eine og tek seg av den eine midt i den store folkemengda.

Av og til forbyr Jesus dei å fortelja om det som skjer, andre gonger spreier ordet om det som skjer seg *”over heile landsdelen.”* (9,26) Mens folket andre gonger *”vart gripne av ærefrykt og lova Gud som hadde gjeve menneske slik makt.”* (9,8)

Det er denne Jesus som går omkring i alle byane og landsbyane, det er han som underviser, forkynner og lækjer all sjukdom og plage. Det er han, som då han ser folket, får inderleg medkjensle med dei, fordi dei er *”forkomne og hjelpelause, som sauer utan gjetar.”* (9,36)

Vi kan leggja merke til at uttrykket *”å ha inderleg medkjensle med”* i NT berre vert brukt om Jesus, bortsett frå i likningane.

Oppdraget

Jesus veit at hans tid på jorda er begrensa, at han om kort tid skal gjennom det han først og fremst er komen til jorda for. Han skal lida og døy og slik ta straffa for all menneskeslekta si synd. Etter å ha stått opp og dermed vist seg sterkare enn døden, skal han dra tilbake til sin Far. Derfor må han gjera læresveinane sine klare til å ta over oppgåva han har hatt då han gjekk omkring i byane og landsbyane, underviste, forkynte, lækte og fekk inderleg medkjensle med folket. Han underviste ved å tala til læresveinane, men like mykje ved det han gjorde, ved eksempelets makt.

Arbeidsfolka

Det er læresveinane sine Jesus utfordrar når han seier: "Grøda er stor, men arbeidsfolka er få." (9,37) Samtidig utfordrar han oss, vi som er hans læresveinar i dag. Utfordringa har gått til stadig nye menneske opp gjennom alle generasjonar, den går til oss som lever i dag og vil lyda for dei som kjem etter oss. Like til Jesus kjem igjen lyder kallet til Jesu læresveinar: "Grøda er stor, men arbeidsfolka er få. Be då han som er herre over grøda, at han må senda ut arbeidsfolk til å hausta inn grøda si." (37b-38)

Herren kallar, kallet lyder, til å gå og til å be. Den som ber, må vera villig til å gå. Den som går, må sjølv be, men må også ha nokon bak seg som ber.

*Høstens Herre, når du sender dine ut i arbeidsdrakt,
noen helt til jordens ender, andre inn i bønnevakt,
går de alle i det kallet du på hver av dem har lagt
NoS 661, v 1*

I Luk 10 står det fortalt om ein gong Jesus sender ut 72 av etterfølgjarane sine og han gjev dei klare instruksar om korleis dei skal oppføra seg (Luk 10,1-16). Han gjer det klart for dei at oppgåva vert ikkje berre enkel, snarare tvert imot. Kva skjer?

"Dei syttito kom glade tilbake og sa: "Herre, til og med dei vonde åndene lyder oss når vi nemner ditt namn!" (10,17)

Då heller Jesus kaldt vatn i blodet på dei syttito. Det er flott, makta, styrken har de fått frå meg! "Og likevel: Gled dykk ikkje over at åndene lyder dykk, men gled dykk over at namna dykkar er innskrivne i himmelen!" (10,30)

Det er ei glede som er, som held, også i motgangstider.

Stor grøde

Var grøda stor då desse orda vart sagde, er ho ikkje mindre i dag. Nær oss, i vårt nærmiljø, finst det menneske som treng forteljningane om han som har inderleg medkjensle med menneske. Det finst menneske som treng å få vita om han som har brakt himmelriket nær, og som står med opne armar og seier: Kom, eg viser ingen bort!

Dei finst nær oss og dei finst lenger borte. Men vi som har fått evangeliet, har også fått kallet til å dela det med andre, om dei så held til langt unna. Misjonsbodet gjeld like til Jesus kjem igjen. Enno er det dag, enno er det tid til å "be han som er herre over grøda, at han må senda ut arbeidsfolk til å hausta inn grøda si." (9,38)

Og kan henda, er det tid til å svara ja og gå?

*Dagens gjerning ligger rede for at de skal gå i den,
derfor er du selv til stede der du sender dine hen.
Takk for alle som i kallet fikk frimodighet igjen!*

*Der er de som gikk seg trette av den motstand verden gav.
Herre, du må gjenopprette mot som tvilen ødela.
Si til alle som fikk kallet: "Det var meg du fikk det fra!"*

NoS 661, v 2 og v 3

Alvhild Vassel Eide

Pensjonist. Tidlegare misjonær i Kamerun og i Bergen krins/Region Bjørgvin, NMS

Alvhild.vassel@gmail.com